

# Høringssvar til Forslag til ny byggteknisk forskrift (TEK17)

## § 12-3. Krav om heis i byggverk.

Ørsta kommune ved samfunnsutvalet har følgjande fråsegn til høyringsframlegg om ny byggteknisk forskrift, Tek 17:

Samfunnsutvalet rår til at Norges Handikapforbund sitt kvalitetskrav for breidde på heiser vert gjort gjeldande i Tek 17. Krav til breidde på heis må settast til 160 cm av praktiske omsyn, som til dømes plass til seng og følgje/assistent og snutilhøve for elektrisk rullestol.

---

## § 12-9. Bad og toalett.

Ørsta kommune ved samfunnsutvalet har følgjande fråsegn til høyringsframlegg om ny byggteknisk forskrift, Tek 17:

Praktiske og romslege bad er avgjerande for om pleietrengande kan bu heime. Den demografiske utviklinga inneber at langt fleire eldre må bu heime. Dette er også ei politisk målsetting, når det gjeld utforming av omsorgstenestene. Det er nemnt som døme at toalettet kan plasserast 20 cm frå vegg. Ein så liten avstand vil gjere arbeidstilhøva for heimehjelpa vanskeleg/umogleg. Avstandskravet mellom vegg og toalett bør difor vere noko større enn 20 cm.

---